

Risiko- og sårbarhetsanalyse:

Planid:

4633202001

Planen omfattar følgjande gards- og bruksnummer:

Dato: 31.05.2021

Utarbeida av:

Formålet med planen:

Reguleringsplan for Koppersevja

Jan Torry Sande

Primærformålet med planarbeidet er å få større djupne og djupare innsegling til Koppersevja. Planen skal gjera det mogeleg å utdjupa innløpet og mudre sjøve evja. Andre aktuelle moment til planen: fortau langs sjukeheimen på vestsida av fylkesvegen samt veg og fortau i området ved bedehuset, areal for kloakkpumpetasjon, parkering, friområde, naust,hyttenaust, turstiar langs strandlinja, gangveg opp til bedehusetmv.

Endeleg plangrense vil bli fastsett i planprosessen, og kan bli mindre enn varsla område.



1. Bakgrunn

Analysa er utarbeidd som ein del av arbeidet med ein reguleringsplan for Koppersevja.

2. Metode

Mogelege uønska hendingar ved utdjuping av innlaupet og mudring av koppersevja som kan påverke området

Vurdering av fare for uønska hendingar er delt i:

Grad av fare:	Markering av grad:	Kommentar:
4. Svært sannsynleg		4 Kan skje regelmessig
3. Sannsynleg		3 Kan skje av og til
2. Lite sannsynleg		2 Kan skje
1. Usannsynleg		1 Hendinga er ikkje kjend frå tilsvarende situasjonar.

Vurdering av konsekvensar for uønska hendingar er delt i:

Grad av konsekvens:	Markering av grad:	Kommentar:
1. Ubetydeleg		1 Ingen person- eller miljøskader
2. Mindre alvorleg		2 Få/små person- eller miljøskader
3. Alvorleg		3 Person- eller miljøskader som krev behandling

4. Svært alvorleg

4 Personskader som medfører død eller varig men.
Miljøskader som får langvarige negative konsekvensar.

Risiko av hendinga vert framstilt i ei farge som illustrerer samanhengen mellom grad av fare og konsekvens:

Konsekvens (bortover):	Fare(nedover):	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg					
3. Sannsynleg					
2. Lite sannsynleg					
1. Usannsynleg					

Hendingar i rødt felt: Tiltak nødvendig

Hendingar i gult felt: Tiltak skal vurderast med omsyn til skade på menneske og miljø

Hendingar i grønt felt: Tiltak som kan gjennomførast med enkle midlar skal gjennomførast.

3. Uønska hendingar, konsekvensar og tiltak



Koppersevjo i 1910

3.1 Mogelege hendingar med risikovurdering.

Mogelege hendingar kan skje i området som følge av inngrepa, og risikovurdering er samanfatta i tabellen under.

Kolonne1 Hendingar/situasjon	Kolonne2 Konsekvens for tiltak	Kolonne3 Konsekvens av tiltak	Kolonne4 Sannsynlegheit	Kolonne5 Konsekvens	Kolonne6 Risiko	Kolonne7 Merknad
Natur- og kulturområde:		Ingen alvorlege				
1. Sårbar flora		Ingen alvorlege				
2. Sårbar fauna/fisk		Ingen alvorlege				
3. Verneområde						
4. Vassdragsområde		Ikkje relevant				
5. Fornminne		Ingen alvorlege				
6. Kulturminne/-miljø	X			1	1	Sjå under
7. Område for idrett/lek	X			1	1	
8. Park/rekreasjonsområde	X			1	1	
9. Vassområde for friluftsliv	X			1	1	
Forureiningskilder:						
10. Akutt forureining						
11. Lekkasje pumpestasjon	x			1	1	
12. Bustad/fritid		Ingen alvorlege.				

13. Vind

x

Ingen alvorlege

Konstruksjonar og bygningar må dimensjonast med konstruksjonstryggleik som er gjeve i byggeforskrifter.

14. Foruerining i sjø

x

15. Forureining i grunn

x

Koppersvja er grunn. Årsaka er delvis at det har vore kloakkutslepp ut i evja i perioden 1974 til 1988.

16. El-forsyning.

x

Menneskeskapte tilhøve:

17. Vei, bru, knutepunkt

x

18. Havn, kaianlegg

x

19. Forsyning, kraft, vatn

1

1

2

2



20. Anna infrastruktur	x	Fare for skade på vassleidning.	3	2	Det ligg to vassleidningar i overflata. Desse vil få ei tryggare plassering ved mudring; dei vil ligge djupare. Må kanskje forlengast.
Andre farlige område/ tilhøve					
21. Høgspont					
22. Oljeutslipp					
23. Spesielle utbyggingstilhøve					
24. Ulykke ved avkøyrsløse	x		1	1	
25. Ulykke gåande/syklande	x		1	1	

Oppsummering og eventuelle tiltak:

Beskrivelse	Konsekvensar	Tiltak
-------------	--------------	--------

Planområdet omfattar dei areala som ligg kringom Koppersevja, og som det vil vere naturleg å ta omsyn til og samtidig knyte til planforslaget. Herunder for dei eksisterande og evt nye bygg og bustader, med vegar som alt er i området. Mot sjukeheimen i aust tas med fylkesveg for å sikre areal til fortau. Mot nord tas med areal kring eksisterande fylkesvegkryss for å sikre gåande og køyrande. Mot vest ta ein med areal for å sikre areal for betre tilkomst frå Husavågen og inn til Koppersevja. Det er ei rekkje felt som er vanleg å vurdere i ROS-analyser som, grunna i naturgjevne føresetnader, ikkje er relevant å ta med i analysa av reguleringsplanen for Koppersevja. Desse er: rasfare, støyforureining og luftforureining.	Ingen.	Ingen.
---	--------	--------

Kulturmiljø: På gnr. 168 bnr. 37, område kalla "Tongaren", er det eit område definert i Fedje kommune sine kulturminneplan som "kulturmiljø". Gudmund Koppen bygde våningshuset kring 1891 og naustet før 1896. Naustet er grindbygd med tre grinder. Miljøet omfattar og ein ruin etter eit torvhus.	Konsekvensan ved tiltaka skissert i reguleringsplanen vert ikkje negative for kulturmiljøet. Tvert imot vert det enklare å halde bygnigar i hevd.	Ingen.
---	---	--------

Naturområde: Del av reguleringsområdet som er kalla "Taraldsevja" er fyllt med steinmassar. Området sin opphavlege, natulege tilstand er endra. Koppersevja er prega av avfall frå kloakkslipp. Delar av Koppersevja i aust er sveft grunn, og ein treff der på fjell alt på 0,5 meters djupne. Det er ikkje registert spesielle fuglar, planer, dyr og liknande som gjev grunn for vern eller spesille tiltak.	Det har over tid vore ein del utslepp av kloakk og anna i Koppersevja. Evja er full av sediment, og på fjøre sjø ligg heile evja nesten tørr. Dette medfører dårleg lukt i området. I tillegg er det nesten umogeleg å drive fritidsaktivitet i sjøen der.	Mudringa inneber fjerning av massar som ikkje høyrer heime i evja naturleg og vil få fleire positive konsekvensar. Mudringa vil medføre auka vasskvalitet og betre grunntilhøve. Det
---	--	--

Geologi og grunntilhøve: Grunnen er dominert av fast fjell som til dels er tydeleg i området. Det er ikkje gjort grunnundersøkingar, utover enkel registrering av grunnar innaføre planområdet.	Ingen.	Ingen.
---	--------	--------

Sluttkommentar:

Grunnideen med denne reguleringsplanen er å gjere Koppersevja, og området omkring, meir eigna til fleire typar bruk. Området har spor av menneskeleg bruk i lang tid. Delar av området vert i planen endra frå å vere "bak"-evja til gamlebutikken og bedehuset, til å bli teke i bruk som turområde. Andre delar vert regulert til tomter for nybygging. Mudringa av Koppersevja vil gjere den meir eigna for fritidsbruk av ymse slag. Planområdet ligg midt i "Landsbyen i Havet". Bruken av området vert sentralt for identiteten for bygda. Bruken reguleringsplanen er tufta på gjev lav risiko både for miljø og menneske - tiltaka vil vere positive både for menneske og miljø.